



ORDENSREGLEMENT FOR ELEVAR

ved Stryn vidaregåande skule

Forskrift for ordensreglement er fastsett med heimel i opplæringslova av 01.08.06 §3-7 om ordensreglement og kap. 9a om elevane sitt skulemiljø. Hovudutvalet for opplæring, Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedtok forskrifta i sak 07/937-2 29.03.07. Ordensreglementet for Stryn vidaregåande skule vart vedteke på møte i skuleutvalet 21.01.08 og iverksett 04.02.08. Reglementet er revidert og vedteke i skuleutvalet 08.05.09 og gjeld frå 01.08.09.

§ 1 FORMÅL

Formålet med reglementet er å medverke til godt samarbeid, god trivsel, tryggleik, respekt og medansvar.

Reglementet skal fremje god orden og gode arbeidsvanar, og legge til rette for god læring.

Reglementet skal m.a. gje reglar for:

- Elevane sine rettar og plikter
- Orden og åtferd
- Tiltak overfor elevar som bryt reglane, og seie noko om framgangsmåten ved behandling av slike saker.

§ 2 VERKEOMRÅDE

Reglementet gjeld for alle elevar som er under opplæring ved skulen. Det gjeld også for elevar i vaksenopplæringa, lærlingskule, hospitantar og andre når opplæringa går føre seg i skulen sin regi.

Reglementet gjeld også ved opplæringsformer og aktivitetar som blir gjevne under skulen sitt ansvar og regi utanfor skulen sitt område

Dette så langt reglementet ikkje er i strid med lokalt gjevne påbod eller forbod.

§ 3 RETTAR

- a) Elevane har rett til vidaregåande opplæring i samsvar med Opplæringslova, fylkeskommunale vedtak, gjeldande forskrifter og læreplanar
- b) I samarbeid med klassen/basisgruppa og lærarane har elevane rett til å medverke ved:
1. Val av arbeids-, opplærings- og vurderingsformer/metodar
 2. Val av lærestoff innanfor rammene av læreplanen
 3. Utarbeiding av mål og periodeplanar, og gjennomføring av desse
 4. Utarbeiding av regler for godt arbeids- og læringsmiljø i klassen/gruppa
- c) Elevane har rett til evaluering etter reglane i kap. 4 i Opplæringslova og forskrifter : ”Vurdering i vidaregåande opplæring”. Dei har og rett til kontinuerleg rettleiing og tilbakemelding undervegs, og i høve til mål den enkelte arbeider etter. Vidare har dei rett til å få grunngeving og rettleiing på prøver og anna arbeid som er vurdert med karakter. Elevane skal og delta i vurdering av eige arbeid. Det skal gjennomførast førebudde elevsamtalar minst kvart halvår.
- d) Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar som har innverknad på opplæringa, har elevane rett til rådgjeving, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette. Dei har vidare krav på tilgang til sosial- og spesialpedagogiske teneste.
- e) Elevane har rett til rådgjeving om utdanning og yrkesval
- f) Elevane har rett til å ta del i skulevurdering. Det vil seie ei kontinuerleg vurdering av i kva grad skulen si organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa. medverkar til å nå dei mål som er for eleven/gruppa/klassen, jfr. mellom anna dei generell og fagspesifikke delane av læreplanane.
- g) Elevane har rett til å ta opp med skulen tilhøve som:
- At læreplanen ikkje vert følgd
 - At eleven ikkje får den hjelp han ber om
 - Manglar ved utstyr som vert nytta i undervisninga
 - Manglande medverknad i planlegging m.m. (Jfr. punkt b)
 - Dårleg læringsmiljø eller klassemiljø, t.d. mobbing.
 - At arbeidsplassen er tilpassa behovet til eleven.
- h) Elevane har rett og plikt til å opprette elevråd (§11-6 i Opplæringslova). Elevrådet skal ha regelmessige møte med skuleleiinga. Dei skal og kunne drive organisasjonsmessig og politisk arbeid, etter avtale med rektor, i og utanfor skuletid. Skulen skal legge til rette for best moglege arbeidstilhøve for elevane og elevorganisasjonane sine tillitsvalde
Elevrådet skal følgje etiske retningslinjer ved informasjon.

- i) Elevane skal vere representerte i skuleutval og skulemiljøutval, jmf. Opplæringslova §§ 11.5 og 11.5 b

§ 11-5. Skuleutval ved vidaregåande skular

Ved kvar vidaregåande skule skal det vere eit skuleutval med representantar for dei tilsette og fylkeskommunen og to representantar valde av elevrådet. Rektor ved skolen skal vere representant for fylkeskommunen.

Skuleutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

§ 11-5a. Skulemiljøutval ved vidaregåande skular

Ved kvar vidaregåande skule skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, dei tilsette, skuleleiinga og fylkeskommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane er i fleirtal.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

§ 4 ORGANISASJONSARBEID OG POLITISK AKTIVITET PÅ SKULANE

Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politiske parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen, i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå ut over undervisninga.

§ 5 PLIKTER

- a) Elevane har plikt til å rette seg etter dei reglar, forskrifter og reglement som til ei kvar tid gjeld.
- b) Elevane pliktar å ta aktivt del i opplæringa .
- c) Elevane skal snarast mogleg ta kontakt med faglærer dersom dei ikkje kan følgje opp arbeidet til avtalt tid
- d) Elevane skal følgje gjeldande verne- og sikringsreglar og bruke det arbeidstøyet og verneutstyret som blir kravd i læreplanar, eller som er påbode av arbeidstilsynet, departementet eller skulen
- e) Elevane skal ved skulestart skaffe seg læremiddel, materiell og utstyr som skulen ikkje held
- f) Skulen sin eigedom og utstyr skal behandlast med varsemnd og omtanke. Hærverk og skade kan, i tillegg til reaksjonar etter § 8, medføre erstatningsansvar (jfr. skadeerstatningslova)

§ 6 ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØET

Eit godt arbeids- og læringsmiljø er grunnleggande for god opplæring. Det skal difor leggst vekt på å skape eit godt miljø prega av engasjement, aktiv deltaking og gode samarbeidsformer. Det er viktig å vise respekt, legge til rette for medansvar og unngå eller hindre åtferd som har negativ innverknad på miljøet.

- a) Alle må ta omsyn, opptre realt og høfleg overfor kvarandre. Plaging, mobbing, vald, rasisme eller annan krenkjande åtferd blir ikkje akseptert, og alle pliktar å hindre at det skjer. Spreiing av bilete/film som kan opplevast som krenkjande, er ikkje tillate. Det same gjeld tekst og lydfiler.
- b) Arbeidsvanane i vidaregåande opplæring skal vere prega av ansvar, orden og det å vere ryddig, punktleg og påliteleg.
- c) Det er viktig for trivselen at det blir halde god orden over heile skule, både ut og inne. Alle skal opptre slik at kravet til helse og hygiene blir ivareteke.
- d) Det er ikkje lov å nytte tobakk i skulebygningar eller lokale som skulen leiger. Det er heller ikkje lov å nytte tobakk på skuleområdet utanom tilvist plass. Skulen vil arbeide med haldningsskapande arbeid for å oppfylle fylkeskommunen sine intensjonar om at institusjonane skal vere tobakksfrie. Rektor er ansvarleg for felles informasjon til elevar og tilsette.
- e) Det er ikkje lov å oppbevare rusmiddel på skulen sitt område. Det er og forbode å vere påverka av rusmiddel i skuletida uavhengig av om undervisninga går føre seg på eller utanfor skulen sitt område
- f) Det er forbode å ha med seg farlege gjenstandar eller våpen som ikkje vert nytta i opplæringa, på skulen sitt område
- g) Det er ikkje tillate å bruke skulen sitt internettabonnement til å lese, laste ned eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som etter norsk lov kan oppfattast som krenkjande. Det er heller ikkje lov til å nytte internett til gambling og spel. Forstyrrande bruk av pc, mobiltelefon, mp3-spelar og liknande er ikkje tillate i undervisningstida. Faglærer kan gje dispensasjon frå regelen.
- h) I undervisningsrom, grupperom og auditorium er det ikkje lov til å innta mat og drikke, med unntak for vatn.

§ 7 FRÅVÆR

Viser til felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane (vedtak i HO 20.05.09) Sjå vedlegg !

§ 8 FUSK ELLER FORSØK PÅ FUSK

- a) Følgjande vert sett på som fusk :
- bruk av hjelpemiddel som ikkje er tillate
 - kommunikasjon med andre under prøver når dette ikkje er tillate
 - å gje hjelp vert vurdert på same måte som å motta hjelp
 - avskrift av andre sitt arbeid som blir levert som eige produkt
 - nedlasting av informasjon frå internett som vert innlevert som eige produkt utan nødvendig kjeldetilvisning
- b) Fusk eller forsøk på fusk fører normalt til nedsett karakter i åtferd
- c) Karakteren på den prøva/innleveringa dette gjeld, blir annullert
- d) Dersom ein elev blir teken i fusk eller forsøk på fusk i samband med eksamen, skal dette straks meldast til rektor og handsamast etter reglane i § 3-22 i forskrift til opplæringslova

§ 9 ORDENS- OG ÅTFERDSKARAKTER

Kriterier for karakteren god i orden og åtferd:

Orden:

- God arbeidsinnsats
- Følgje ordensreglane som er fastsette for skulen
- Kome presis til timen eller andre avtalar
- Levere pålagt skriftleg arbeid til avtalt tid
- Gjere pålagt arbeid i timane
- Melde frå/søkje om planlagt fråvær
- Gje skriftleg melding om uventa fråvær
- Skaffe seg dei læremiddel som er pålagt i dei ulike faga ved skulestart
- Ha med seg undervisningsmateriell ein treng kvar dag
- Utføre dei pålagde oppgåvene når ein er ordenselev
- Vise ansvar og vilje til å ta igjen arbeidsoppgåver/lærestoff ein har gått glipp av p.g.a. fråvær
- Gje skulen melding umiddelbart ved fråvær på heildagsprøver

Åtferd:

- Syne høveleg åtferd mot medelevar, lærarar og andre tilsette
- Ikkje uroe medelevar og undervisninga
- Ikkje innta mat/drikke i undervisningsrom der det er uttrykkjeleg forbode
- Ikkje drive med uttrykkjeleg forbodne aktivitetar på skulen sine datamaskiner
- Ikkje gjere hærverk på skulen sin eigedom
- Ikkje kome med påviselege usanne meldingar
- Ikkje ignorere pålegg frå lærarar/skuleleiing
- Ikkje fuske/gjere forsøk på fusk på

§ 10 BROT PÅ ORDENSREGLEMENTET

Brot på ordensreglementet vil resultere i sanksjonar mot eleven i form av refsingstiltak eller særskilde tiltak. Melding om dette skal gjevast skriftleg til eleven/føresette. Brot på reglementet kan føre til nedsett termin- og standpunktkarakter i orden og åtferd

Åtferd som er brot på norsk lov, vil bli melde til politiet

Refsingstiltak kan vere:

- påtale frå ein av dei tilsette på skulen
- påtale frå overordna og melding til føresette for elevar under 18 år
- bortvising frå klasse/gruppe for resten av timen
- bortvising for resten av skuledagen

Alvorlege brot på ordensreglementet eller brot fleire gonger (§3-8) kan føre til:

- bortvising frå skulen inntil 5 skuledagar
- bortvising for resten av skuleåret
- tap av retten til vidaregåande opplæring
- alle typar straffbare forhold som skjer på skulen sitt område, vert meld til politiet.

I tillegg til refsingstiltak, kan elevar som bryt reglementet få:

- avgrensa tilgang til spesielle aktivitetar når ein bryt reglar som gjeld for aktiviteten
- pålegg om oppgåver som reingjering/istandsetjing/betaling av skade på skulen sin eigedom
- beslaglegging av ulovlege/farlege gjenstandar og event. overlate desse til politiet

Sakshandsaming ved sanksjonar:

Før det vert teke avgjerd om refsingstiltak, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som tek avgjerda

For dei mest alvorlege refsingstiltaka gjeld forvaltningslova § 2.

Den som tek avgjerd om refsingstiltak, er ansvarleg for å dokumentere saka.

§ 11 KONTAKT SKULE -HEIM

Skulen skal legg til rette for eit samarbeidstilhøve mellom heim og skule. Foreldra/føresette skal vere godt informerte om innhald i planverk, metodikk og undervisningsmåtar.

Det skal haldast eit foreldremøte årleg for Vg1 og Vg 2. I tillegg skal kontaktlæraren minst ein gong i året, ha ein planlagt og strukturert samtale med foreldre/føresette. Når eleven fyller 18 år, må skulen ha løyve frå eleven for å kunne gje foreldre/føresette informasjon

Elevar/føresette har rett til følgjande informasjon/melding om:

- termin- og standpunktkarakterar
- refsingstiltak
- ekskursjonar
- klagerett ved karaktersetjing
- stort fråvær og fare for nedsett karakter i orden og åtferd
- særlege problem som oppstår hos ein elev
- særlege tilhøve ved opplæringa som kan ha negativ innverknad på helsa til ein eller fleire elevar

§ 12 I TILLEGG TIL ORDENSREGLEMENTET BLIR DET VIST TIL SÆRSKILDE

REGLEMENT SOM OMFATTAR :

- a) Bruk av IT, og bruk av datarom, videokonferanserom og auditorium
- b) Bruk av spesialrom som kjøken, verkstader, naturfagrom og kantine.
- c) Reglar ved tantamen/heildagsprøver og andre prøver
- d) Open skule
- e) Ekskursjonar